

NR. 2

MARS 1999

32.ÅRG.



## Ta godt imot bøssebærerne

23. mars i Arna/ 24. mars i Ytre Arna

Les mer om årets innsamlingsaksjon inne i bladet s. 8 og 9



## Ljos over grav

AV KJELL NESE

Det er fint å sjå folk som går på kyrkjegarden. Det er nok færre nå om vinteren. Men det er stadig nokon innom. Det er ei grav ein vil sjå til. Det er eit minne ein vil ta vare på. Det er ei og ein som kjennes nær framleis.

Det er godt å gå på kyrkjegarden. Ein ser steinane bortetter. Namn som er rissa inn. Det er meir enn bokstavar. Det er eit andlet, eit menneske. Ein hadde noko saman.

Kyrkjegarden skal stellast. Nå om våren aukar trafikken. Det skal vera vakkert. Det skal vera ei velstelt grav. Her går dei som lever. Av og til får kanskje ei grav vel så mange vitjingar den fekk som levde. Nokre er blitt meir medvetne om kva ein hadde, kor mykje vi betydde for kvarandre.

Av og til undrar det ein kor vare vi er for kyrkjegarden. Gravskjending skaper sterke reaksjonar. At ein stein vert velta og eit gravminne ramponert, gjev overskrifter i avisene. Godt er det. Det er verkeleg uhøyrte å gjera slikt. Det er å trekke på det som er heilag.

Eg trur dette stikk langt djupare enn til minnet. Det har med kven ein sjølv er å gjera. Ingen av oss er berre eit einskild menneske. Dei som er borte er framleis i oss. Vi tok dei inn i oss, og dei vart ein del av oss medan vi var saman.

Kyrkjegarden har med vår sjølvforståing å gjera. Det er godt å gå på kyrkjegarden. På ein måte er det eit møte med seg sjølv.

Likevel, ein kyrkjegard er endå meir enn dette. For meg er det ein ljøs stad, ein livsens hage, ein nysådd åker. I alle vemodige minne er det vona ein stad i verda.

Det er her graver skal verta sprengde. Dette er staden der alle dei som er i gravene skal høyre Guds Sons røyst, og dei skal stå opp. Denne dødsens stad er livets stad framfor nokon stad i verda. Her skal det evige livet syne seg først. Bløff? Ja, ein kan lett kjenne det slik. Og bløff er det kalt legio gonger. Dette er vår tru. Dette er påskens ljøs over gravstadane våre, og over vår eiga grav. Dette er vår levande von ved Jesu oppstode frå dei døde.

På påskennattsgudstenesta i Arna kyrkje går alle ut av kyrkja med kvart sitt ljøs, tent frå det store Kristusljøset. Kristus er oppstanden. Vi går ut på kyrkjegarden med alle graver omkring oss. Ljosa blafrar i vindtrekken, og bles nok ut i den sterke trekken utfor kyrkjedøra. Men sjeldan opplever eg kyrkjegarden som ein livsens stad så sterk som nett der og då. Vi går saman med den oppstandne ut til gravene, og syng påskeordet ut over alle gravstader: *Ljos over grav som oss livsvoni gav, rann med Guds son ifrå daude. Solrenning klår som den venaste vår steig over gravstader aude. Ljøset og livet for alle mann strålande opp med vår frelsar rann.*

**Signa påskehelg med livsvon i alle hjarte.**

## Klippen Peter

Stykket er hentet fra «Jerusalem Post» laget av konfirmantene i Arna våren 1998.

Peter er en av de mange disiplene til Jesus

– *Hvor er du født?*  
– Jeg er født i Betsaida, men jeg og min bror Andreas flyttet senere til Kapernaum og der drev vi med fiske.  
– *Hva er det egentlige navnet ditt?*  
– Det egentlige navnet mitt er Simon, men mange kaller meg også Simon Peter, og faren min heter Johannes.  
– *Hva betyr egentlig Peter?*  
– Det betyr Klippen!  
– *Hvordan ble du Jesus sin apostol?*  
– En dag kom Jesus gående langs Galileasjøen. Da holdt Andreas og jeg på å kaste en not ut i sjøen, fordi vi var fiskere. Da kom Jesus og sa til oss: «Følg meg, så skal jeg gjøre dere til menneskefiskere.»  
– *Men hva er det dere gjør om dagene?*  
– Vi reiser rundt sammen med Jesus og lærer folk i synagogene om evangeliet, om riket og leger folk som er syke eller vanføre.  
– *De sier at det er du som er sjefen over alle disiplene?*  
– Nei, det er jeg ikke, men jeg er vel sammen med Jakob og Johannes den som står Jesus nærmest.  
– *Hva var det som hendte da dere tok det siste måltidet?*  
– Under det siste måltidet som vi kaller nattverden, var det en som heter Judas som hadde sveket Jesus. Han hadde fått 30 sølvpenger for det hos øversteprestene for å hjelpe til å få tak i Jesus. Etter vi oppdaget dette var han ikke sammen med oss.  
– *Men hva var det som hendte i østsemnehagen?*  
– Vi skulle være der og våke med Jesus, for han visste at han skulle dø, men selv om vi hadde sagt at vi skulle holde oss våkne, greide vi det ikke og sovnet. Så kom Judas, og han hadde med seg en stor flokk, og alle var væpnet med sverd og stokker. De kom fra øverstepresten. Da gikk Judas bort og kysset Jesus, dette var tegnet på at det var han de skulle ta. En av oss tok da et sverd og skar det ene øret av en av tjenerne til øverstepresten. Men Jesus sa at han skulle

stikke sverdet i sliren, og at den som grep sverd skal falle for sverd.

– *Men det ble sagt at du Peter fornektet Jesus?*  
– Ja det gjorde jeg, selv om jeg hadde lovet Jesus tidligere på natten at jeg ikke skulle gjøre det. Så gjorde jeg det 3 ganger mens jeg satt ute på gårdsplassen hos øverstepresten Kaifas.  
– *Da kom jeg på det som Jesus hadde sagt tidligere på kvelden, at før hanen galer, har du fornektet meg 3 ganger. Da ble jeg svært lei meg.*  
– *Hva skjedde etter at Jesus døde på korset?*  
– Som dere vet stod han opp fra de døde tredje dagen.  
– *Når traff dere på han igjen?*  
– Han kom til oss mens vi var samlet i en landsby og var med oss der.  
– *Vi trodde først det var en ånd, men da han begynte å spise og vi fikk ta på han skjønte vi det var Jesus. Da forstod vi at det som stod i Moseloven hos Profetene og i Salmene var gått i oppfyllelse.*  
– *Hva har du gjort på siden?*  
– Siden har jeg drevet på med misjonsarbeid i Lille Asia og grunnlagt mange menigheter. Jeg har jogså hatt besøk av Saulus, men nå kaller han seg Paulus.  
– *Jeg døpte også den første hedningen. Vi ønsker deg lykke til i hans arbeid for å få flere til å komme til å tro på Jesus.*



Peter, Jesu disippel, angret da det gikk opp for han at han hadde sveket mesteren.

# Kyrie og Halleluja

AV TRYGVE JOHANSEN

Mange av oss har møtt en intellektuell form av kristendommen. Vi har vært vant til å finne klare læresetninger i Bibelen. Mange kjenner Gud som et intellektuelt begrep, og de har kanskje ikke erfart hans nærvær i hverdagen. Den akademiske teologi har vært med på å gi oss tankemessige begreper. Noen opplever i dag en motsetning mellom den teoretiske og den praktiske kristendomsformen.

Det er midt i hverdagen vi lever, og det er her vi skal lære om Gud. Det er i livet vi kan gjøre våre gudserfaringer. Vi roper på Gud når livet floker seg til for oss. Kyrie-ropet som vi kjenner fra gudstjenesten, oppstår midt i livet når vi har det vanskelig. Vi har ofte behov for å rope: «Kyrie eleison, Gud Fader miskunne deg.» Dette ropet blir til når livet begynner å rive i oss. Det er da Kyrie, bønnens rop, blir skapt i våre hjerter. Det er i slike situasjoner et menneske lærer hvem Gud er. Og det er i slike situasjoner vi ser hvem vi er i Guds øyne. Denne erfaring skiller seg sterkt fra de akademiske begreper, som forsøker å beskrive Guds intellektuelt og faglig.

I det kristne hverdagslivet er det imidlertid ikke bare Kyrie-ropet om tilgivelse som lyder, men også Halleluja-ropet kommer stadig fram. Når livet gir oss så stor glede at vi ikke finner ord for det, da blir halleluja-ropet skapt. Også i slike situasjoner lærer vi hvem Gud er, og hvem vi er i hans øyne. Våre glade menneskelige erfaringer som utløser våre halleluja-rop, har også med

Gud å gjøre. Når du er glad og roper halleluja, så hører Gud dette rop og gleder seg ved det. Han ønsker nemlig at du også må få oppleve ditt liv fra denne positive side. Og de erfaringer som får deg til å rope halleluja, skal du ta vare på og leve videre med. Både Kyrie og halleluja hører med i vårt hverdagsliv. Begge disse rop kommer fra levende mennesker, som har behov for å gi uttrykk for sine innerste følelser.

Som prest prøver jeg å forene min akademiske teologi og mine praktiske gudserfaringer. Det er viktig for meg at teologien ikke bare blir teoretiske begreper, men at den praktiske gudserfaring også er å finne i mitt liv. Jeg roper derfor mitt Kyrie når jeg har behov for det. Og jeg roper mitt halleluja når mitt hjerte gleder seg. Denne praktiske gudserfaring er blitt viktigere for meg etter hvert, og de teoretiske begreper legger jeg ikke så mye vekt på som tidligere. Jeg tenker om denne utvikling at det har med modning å gjøre. Sannsynligvis har mange av Kyrkjelydsbladets lesere også gjort den samme erfaring som jeg. Det ville ha vært interessant å få høre om dette stemmer. Er gudserfaringen også blitt viktigere for deg?

Det er rett når et menneske roper: «Kyrie eleison, Gud Fader miskunne deg.» Og det er godt når et menneske roper: Halleluja! Begge disse rop gir uttrykk for våre innerste, opprinnelige tanker og følelser. Og begge disse rop hører til midt i livet. Teori og praksis hører sammen hos troende mennesker.

## ARNA PRESTEGJELD

**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.  
**Kontortid:** Tirsdag, onsdag, fredag kl. 09.00-14.00.

**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.  
**Kontortid:** Tirsdag, onsdag og fredag kl. 10.00-13.00.

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# Du som låg i natti seine

AV JAKOB SANDE

Du som låg i natti seine  
sorgtyngd, vanvørd og åleine,  
skjelvande på såre kne,  
du som skåli trufast tømde  
medan alle dine rømde,  
stridsmann frå Getsemane!

Du som spotta vart og banna,  
kront med klungerkrans om panna,  
medan augo brann i sorg,  
du som stod i namnlaus pine,  
skild frå dei du kalla dine,  
einsam i Pilati borg!

Du som hekk til krossen nagla,  
medan blodut sveitve hagla  
frå di panna så du sa:  
«Fader, kvifor gjekk du frå meg!»  
Å, lat nådens blodstraum nå meg,  
offerlam frå Golgata!

Lær mi sjel kor du laut lida,  
syn meg såret ditt i sida,  
styrk og nær mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
så eg frelst mitt auga vender  
opp til deg på krossen, du.

Norsk Salmebok nr. 130

## Israelstur = Ferie ?????!

Dette kan vera turen for deg som har behov for ferie knyttet til gode opplevelser! Elbjørg Therkelsen og Egil Vestbøstad skal være reiseledere på tur til Israel 13.-25. mai (avreise Kr.H.dag). Reiseoperatør er Fokus Reiser med mange års erfaringer på tur til Israel.

Elbjørg er ansatt i Israelmisjonen, Bergen krets. Egil er ansatt i Ansvar Forsikring. Begge har vært reiseledere før både i Israel og Norge. Guide på turen er Elin Eliassen Elcouby. Norsk, men gift og bosatt i Israel.

Turen er rik på kunst, kultur, historie, bibelhistorie, bading, handling ... og godt fellesskap! Bli med??

### Ring reiselederne

**Elbjørg, jobb 55 23 06 46**

**Egil jobb 55 56 01 10**

**Privat 55 13 43 44**

Fra Arad til Akko. Fra Tel Aviv til Golan. Fra Dødehavet til Cæsarea. Egen buss med aircond. Reiseref. hver dag. Reisetreff både før og etter turen.

*Elbjørg Therkelsen*

## NMS-leirar i sommar

### Kvamsseter:

18.-20. juni: 2.-5. kl.

23.-26. juni: 5.-8. kl.

29. juli -1. aug.: Barnebarn og besteforeldre

### Brandøy:

25.-29. juni: 5.-7. kl. Yngresleir sammen med Indremisjonen.

Nærare opplysningar får du ved NMS sitt regionkontor, tlf. 55 31 00 61.

## Lokal kultur med verdensvid utsikt

Under kulturdagane i Arna, skipar misjonsfolket til ei misjonsutstilling i Kyrkjelydshuset. Der vert alle misjonærene våre presentert. Utstillinga «Lokal kultur med verdensvid utsikt» opnar tysdag 20. april.

Vi får fylgja utviklinga av ytre misjonsarbeidet i Arna frå dei fyrste misjonsforeiningane vart skipa for ca. 120 år sidan og fram til i dag, «frå rokk til e-mail». Det vert ein eigen mediakrok. Vidare vert det vist festdrakter og kvardagsklede frå fleire land og ymse anna.

Vi har mykje å læra av kvarandre, så vi treng informasjon frå andre kulturar.

Opningstider for utstillinga vert kunngjort i pressa, på samvær og ved oppslag. Fredag 23. april vært det stor misjonsfest. Så langt plass, tid og kapasitet tillet vil skuleklassar og organisasjonar få spesielle invitasjonar til utstillinga.

VEL MØTT!

*Klara Ulveseter*

## Kyrkjesoge i Arna kyrkje



Steinar Mjelde skreiv kyrkjesoge då han var «hjelpereprest» for biskop Ole D. Hagesæther under vigslinga av diakon Leif Arne Økland i Arna kyrkje. (Foto: Audun Stølås.)

Steinar Mjelde (31) frå Lone skreiv kyrkjesoge i Arna kyrkje søndag 17. januar då han var «hjelpereprest» for biskop Ola D. Hagesæther under vigslinga av Leif Arne Økland frå Lindås til diakon. Leif Arne Økland er knytt til Bjørgvin bispedøme-kontor og skal arbeida med og for psykisk utviklingshemma. For første gong deltok ein psykisk utviklingshemma i ei slik kyrkjeleg vigslingshandling.

Arna-kyrkja var fullsett under den høgtids-same gudstenesta. Leif Arne Økland skal hovudsakleg arbeida med å få psykisk utviklingshemma med i det vanlege kyrkjelydslivet. Han har ei rekkje gonger vitja Klubben for utviklingshemmede i Arna, som kyrkjelyden driv. Dei 22 medlemmane i Klubben var med i prosesjonen ved starten av vigslingsgudstenesta. Dei framførde

også to salmar under gudstenesta.

– Kyrkjelyden er eit fellesskap for alle, og ei gudsteneste set ikkje krav til dei store prestasjonane frå deltakarane si side.

Utviklingshemma kan delta på sine premisar utan store endringar i opplegget, seier Leif Arne Økland.

Også Kyrkjelydshuset var fullsett under kyrkjekaffien etter gudstenesta. I kyrkjelydane i Os og Storetveit er det tilsvarende klubbar som den vi har i Arna, og medlemmene i desse klubbane kom i buss til festdagen i Arna. Dei hadde også førebudd innslag som dei framførde under kyrkjekaffien.

*Audun Stølås*

## KYRKJELYDENS ÅRSFEST i Ytre Arna 18. mars

Ytre Arna kyrkjelyd har sin årsfest med årsmøte og utlodning i Ytre Arna kyrkjelydshus **torsdag 18.03.99.**

Denne årsfesten tek til med ein andakt i Ytre Arna kyrkje kl. 18.30 og deretter går vi bort til kyrkjelydshuset og har årsfesten vår der.

Gåver til utlodningen kan leverast på kyrkjekontoret, og vi takker på førehand for gåvene.


VELKOMNE TIL ÅRSFESTEN 18. MARS!

## Salmar gjennom 100 år

i  
**Ytre Arna kyrkje  
tirsdag 20. april kl. 19.00**

Desse vert med:  
Arve Brunvoll  
Egil Sæle  
Ytre Arna kyrkjekor  
Ytre Arna kyrkjekor

# FASTEAKSJONEN 1999



## Haiti + Den Dominikanske Republik = Hispaniola

Da Christopher Columbus i 1492 forsøkte å nå til India ved å seile mot vest, kom han først fram til en øy i Karibien som han ga navnet Hispaniola. Columbus skrev i dag-boken sin: «Hispaniola er et fullstendig drømmeland, her det er enda vakrere og frodigere enn i Spania.»

Spanierne utryddet nesten den indianske befolkningen ved å bruke dem som slaver i gullgruvene. For å erstatte dem ble tusenvis av slaver importert fra Afrika. Og i dag er 90% av befolkningen av afrikansk opprinnelse.

### Haiti

I 1697 overtok Frankrike den vestlige delen av øya og kalte den Haiti. Men utbyttingen fortsatte, og i over hundre år brakte dette lille landet som ikke er større enn Hedmark fylke større inntekter til Frankrike enn alle de andre franske koloniene til sammen.

Dette engang så vakre og frodige landet som av Columbus ble omtalt som «et drømmeland» består i dag av 4/5 deler med noe som nærmest kan beskrives som ørken. Og landet er av FN erklært som et økologisk katastrofeområde, et land som innen år 2010 vil være ødelagt om ikke noe gjøres. Landet er et fattig land med en ødelagt økonomi. Og en arbeidsløshet på 80%.

### Sukkerslaver

Arbeidsløsheten har ført til at mange haitiere har reist over grensen til Den dominikanske republikk i håp om å finne et arbeid og en framtid der.

På 60-70 tallet ble tusenvis av haitiere regelrett solgt som slaver av den tidligere haitiske diktatoren Papa Doc. En handel han tjente 140 millioner i året på. Sammen med 4 milliarder kroner forlot han øya i 1986 og lever i dag i «asyl» i Frankrike.



I dag bor ca. 1 mill. haitiere i Den dominikanske republikk, og flertallet av dem arbeider under slavelignende forhold på sukkermarkene.

Arbeiderne må sammen med familiene sine bo i små leirer. Bateyer. Her er det satt opp store lagerbygninger som er delt opp i små rom på 3x3 m uten vinduer, strøm, vann eller sanitæranlegg.

Det er lite mat, selv om disse leirene ligger inne i de fruktbare sukkermarkene. For jorda er tiltenkt sukker, og arbeiderne nektes et lite jordstykke så de kunne dyrke sin egen mat. I stedet må de sulte.

### «Oljepengene» som bygde Europa

De enorme verdiene som kom fra Haiti og de andre koloniene til de europeiske landene har gjennom de siste århundrene vært «oljepengene» som gjorde utviklingen av de vestlige industrilandene mulig, og som dermed har lagt grunnen til det velferdssamfunn som vi finner i de vest-europeiske landene.

Norge har aldri vært noen kolonimakt som de store landene i Europa har vært. Vi ønsker derfor å tenke at for oss er det

anderledes. At vårt velferdssamfunn er bygd på vårt eget og våre forfedres arbeid. At sykehus, skoler, trygdepenger og sykepenge osv. ikke er resultat av utbytting, men bare er frukter av våre henders strev.

Da skal vi imidlertid huske på to ting. For det første har alltid de europeiske kolonimaktene vært våre viktigste handelspartnere. Det betyr at mye av den tørrfisk og de industrivarer som vi opp gjennom årene har solgt til disse landene har blitt betalt med penger som er kommet fra Haiti og de andre koloniene. Slik har også vi tjent på utbyttingen av koloniene.

Og for det andre at vi i motsetning til haitierne har fått beholde utbyttet av vårt arbeid og våre ressurser.

Vi har fått beholde oljepengene våre selv. Vi trenger ikke se på at andre blir rike av vårt arbeid og vårt lands ressurser. Slik folk på Haiti og i de andre koloniene har måttet se. Pengene som vi får for oljen i Nordsjøen kan vi bruke til å trygge levekårene for oss selv og våre barn.

### Årets innsamling – en tilbakebetaling av en gjeld!

Årets innsamling kan derfor sees på som en tilbakebetaling av en gjeld. Vi har et regnskap å gjøre opp.

Gjennom å gi ditt bidrag til Kirkens Nødhjelps arbeid for å gi sukker-slavene nytt håp og nye muligheter kan du betale tilbake noe av denne gjelden.

Ta derfor godt imot bøssebærerne 23/24 mars.



**KIRKENS NØDHJELP**

Sammen for en rettferdig verden

Postboks 4544, Torshov, 0404 OSLO

## KLUBBEN

Det er onsdag og klubbkveld i Kyrkjelyds-  
huset. Frå kl. 18-20 kjem dei saman for å  
hyggja seg. Yngstejenta er 12 år og dei  
eldste over 50, men dei trivest med kvaran-  
dre, seier Ingunn Fosse som leiar klubben  
for psykisk utviklingshemma i Arna. Ho  
seier arbeidet er svært givande! Med seg i  
arbeidet har ho Møyfrid Naterstad og  
Marianne Birkeland. Dei fleste deltakarane  
kjem frå Arna, men og frå Minde og  
Sandviken har dei medlemer. Som oftast er  
dei ca. 20 som møter fram kvar onsdag.  
Klubbkvelden startar med ulike spel: Yatsy,  
Lotto, Ludo, puslespel og legobygging. Av  
og til har dei formingsaktivitetar, litt folke-  
viseleik og ulike rørslesongar.

Eit par ivrige jenter førebur matøkta saman  
med leiar. Gutane inspiserer kjøkkenet flit-  
tig! Kva får dei i kveld tru? Av og til har dei  
pizza, pølse eller suppe. Andre gonger får  
dei vaflar eller bollar. Skillingsbollar eller  
kan hende bollar med krem! Medan dei  
ventar på at maten skal verta ferdig, dekkar  
dei fint langbord med lys og serviettar. Det  
er viktig at alt vert triveleg!  
Ein gut spelar blokkfløyte før maten. Alle  
set seg rundt langbordet og syng bordverset  
– saman eller åleine. Matlagarane serverer  
stolt rundt bordet, og alle gler seg over den  
gode maten.

Før dei går heim, syng dei litt saman. Dei  
likar godt: «Vær meg nær O Gud», «Vi tar  
hverandres hender» og «Fager kveldssol  
smiler». I det siste har dei øvd på ein ny  
song «Navnet Jesus blekner aldri».  
Av og til har dei andakt. Det er stor stas når  
Kjell prest kjem innom! Stor stas er det også  
dersom Leif Arne Økland vitjar dei.  
Klubben tok som kjent del i Arna kyrkje då  
han vart vigsla til diakon for psykisk utvik-  
lingshemma. Dei var og saman med han i  
Kyrkjelyds- og Eidsvåg.

Samarbeid med andre klubbar er viktig, og  
det er no planar om å ha kontakt med ein  
klubb i Eidsvåg.  
Før sommarferien drar klubben gjerne på ei  
utflukt. Tidlegare har dei vore på kunstut-  
stilling, og dei har drege på tur til Gullbotn  
og Eikelandssosen.

Dersom nokon vil koma på vitjing i klub-  
ben, eller delta i arbeidet, er dei velkomne  
til dette. Som mange andre slit klubben  
med dårleg økonomi. Dersom du har høve,  
kan du støtta eit viktig kontaktskapande  
tiltak i bydelen vår med ei lita pengegåve.

Klubben for psykisk utviklingshemma  
i Arna

konto: 6524 10 04842

Helsing Solveig Kolnes



Matøkta er eit viktig programinnslag når dei psykisk utviklingshemma i Arna samlast til klubb-  
kveld.

## Frå Bedehusland

### Betania, Lone

#### Mars

- Søn. 14. BUF. Søndagsmøte kl. 18.00
- Tor. 18. Nattverdmøte
- Lør. 20. BUF-kveld. **Reidun Skurtveit**
- Søn. 21. Søndagsskule.  
Våraksjon for Bibelskolen
- Tor. 25. NMS. Møte. **Reidar Lyngøy**
- Lør. 27. NMS. Misjonsfest kl. 19.00.  
**R. Lyngøy**
- Søn. 28. NMS. Møte. **R. Lyngøy**

#### April

- Tor. 01. Nattverdmøte
- Søn. 04. 1. Påskedag. NLM.
- Man. 05. Gudsteneste kl. 11.00
- Tor. 08. NLM. Basar kl. 19.00
- Fre. 09. Fredagskafé kl. 20.00
- Søn. 11. Søndagsskule. Israelsmisjonen.  
**Ragnar Gunnestad**
- Tor. 15. Bønne- og vitnemøte
- Søn. 18. Eldrefest kl. 16.00.  
**Harald Myklebust**
- Tor. 22. Bønne- og vitnemøte
- Lør. 24. BUF. Medlemskveld
- Søn. 25. Søndagsskule. HIM. B-kveld.  
«Bønn for kvarandre i  
kvardagen». **Audun Hjellvik**
- Tor. 29. Bønne- og vitnemøte

### Arna Bedehus

#### Mars

- Søn. 14. Familiemøte kl. 17.00
- Tor. 17. Eldretreff kl. 17.00
- Fre. 19. Det Hvite Bånd kl. 19.00
- Søn. 21. Lovsingsmøte i kyrkja
- Fre. 26. Bønnesamling. Pinsemenigh.  
Salem
- Søn. 28. Møte kl. 19.00

#### April

- Søn. 11. Lovsingsmøte kl. 18.00
- Tor. 15. Bønemøte kl. 19.30
- Søn. 18. Møte v/Israelsmisjonen kl. 19.00
- Man. 19. Basar kl. 17.00
- Tor. 22. Eldretreff kl. 17.00
- Søn. 25. Møte v/NLM kl. 19.00
- Tor. 29. Møte v/Muhammedanarmisj.  
kl. 19.30
- Fre. 30. Bønnesamling. Arna kyrkje

## FEST FOR ELDRE

**Søndag 18. april kl. 16.00**  
vert det fest for dei over 70  
i Betania, Lone.

Høgskulelektor Harald Myklebust  
skal tala.

*Det vert korsong, opplesing, allsong  
og ei lang, god matøkt.*

Du er hjarteleg velkomen saman med  
eventuell ektefelle!

*Haukeland Indremisjon*

## K-FORUM ARNA

har møte tirsdag 9. mars kl. 19.30  
i Kyrkjelyds- og Eidsvåg

**Tema:**  
**KVINNER I ANDRE KULTURER.**

Vi får besøk av Miriam Mafi som til  
daglig arbeider på Mottaksenteret for  
innvandrere i Ytre Arna.

Vi ønsker velkommen til kvinner  
i alle aldre.

## Retting

Vi seier oss leie for at det i annonsa for  
K-Forum i Arna i førre nummer var falle  
ut eit ord, ikke. Nedanfor gjev vi att  
teksten slik han skulle vera:

*Det fins ikke så mange sterke og  
vellykkede blant oss,  
så skulle alt overlates til dem,  
ble ikke mye gjort.*

Red.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypete

### Arna sokn

- 24.01.: Mads Seim Bjørkholt,  
Fredrik Henriksen Indrehus,  
Simen Kleppe Engelsen,  
Jostein Thomassen,  
Linda Fjørtoft Borge og  
Amalie Bratli Engelsen
- 07.02.: June Erdal Heggertveit,  
Sunniva Yvonne Sortland Råheim,  
Ida Sofie Holmefjord,  
Renate Minde Enoksen,  
Vivian Baartvedt Ringheim
- 14.02.: Birte Hansen

### Ytre Arna sokn:

- 14.02.: Marius Eliassen Bølstad

## Døde

### Arna sokn:

- 24.12.: Tordis Hundhammer, f. 1925  
05.01.: Margit Laastad, f. 1911  
06.01.: Knut Jarle Bertelsen, f. 1934  
07.01.: Mary Kristine Rolland, f. 1924  
28.01.: Synnøve Seljeset Taule, f. 1944  
04.02.: Gudvor Halland, f. 1933  
04.02.: Martin Vedå, f. 1904

### Ytre Arna sokn:

- 11.01.: Knut Norman Bratten

## Ofringar

### Arna sokn:

- 17.01.: Bjørgvin Bispe-  
dømmeråd .....kr. 11.260,-
- 24.01.: Den Norske  
Israelsmisjon .....kr. 2677,-
- 31.01.: Bibelmisjon .....kr. 4872,-
- 31.01.: Bibelmisjon .....kr. 4758,-
- 07.02.: Kyrkjelydsarbeidet .....kr. 3440,-
- 14.02.: Den norske  
Tibetmisjon .....kr. 4057,-
- 21.02.: Barne- og  
ungdomsprosjekt .....kr. 3371,-

### Ytre Arna sokn:

- 03.01.: Israelsmisjonen .....kr. 1765,00
- 17.01.: Kyrkjelyds huset .....kr. 1416,00
- 24.01.: Kyrkjelydsarbeidet .....kr. 1390,00
- 31.01.: Santalmisjonen .....kr. 2528,00
- 13.02.: Barne- og  
Ungdomskoret .....kr. 2230,00
- 21.02.: Kirkens Bymisjon .....kr. 976,50

## Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet  
kjem etter planen ut **21. april**.  
Stoff til bladet kan leverast til  
kyrkjekontoret. Frist for innlevering:  
**Tysdag 6. april.**



## Kyrkjeskys

### HAUKELAND/UNNELAND

- 14. mars**  
Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15
- 21. mars**  
Oddmund Skjoldal .....tlf. 55 24 28 76
- 28. mars, Palmesøndag**  
Sverre Myklebust .....tlf. 55 24 29 05
- 1. april, Skjærtorsdag**  
Ingrid Hope .....tlf. 55 24 08 08
- 2. april, Langfredag**  
Jens Hauge .....tlf. 55 24 01 43
- 4. april, 1. Påskedag** .....Berit Haugsvær
- 5. april, 2. Påskedag (Betania)**  
Oddmund Skjoldal
- 11. april** Sverre Myklebust
- 18. april** Ingrid Hope
- 25. april** Jens Hauge

### ARNATVEIT OG INDRE ARNA

- 14. mars**  
Odd Kjos .....tlf. 55 24 17 82
- 21. mars**  
Jostein Monstad .....tlf. 55 24 32 20
- 28. mars, Palmesøndag**  
Arne Håøy .....tlf. 55 24 03 26
- 1. april, Skjærtorsdag**  
Per Eide .....tlf. 55 24 15 15
- 2. april, Langfredag**  
Gunnar Kaaresen .....tlf. 55 24 02 41
- 4. april, 1. Påskedag** Odd Kjos
- 11. april** Per Eide
- 18. april** Jostein Monstad
- 25. april** Arne Håøy

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Prestegarden, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
**Christopher David Briggs**  
Vallerhaugen 7  
5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 40 55

**Kontorfullmektig Arna**  
**Ella Kaaresen**  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
**Jarle A. Sandvik**  
Tlf. 55 24 04 00

**Organist Ytre Arna**  
**Siri Brunvoll**  
Vågsbotn, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
**Benthe Vevle Birkeland**  
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
**Sølvi Sæle**  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

## ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

**SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet**

BYRÅ Kommer også hjem for samtale.  
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre – E. Kvamme

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget*

**Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ**

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

## FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00



**KIRKENS  
SOS**

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar  
eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag

*Frøydig*  
**SALONGEN**

Vestlivegen 75, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



**Spesialforretning  
i blomster**

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

**Espeland Gartneri**

5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Din lokale  
storbank  
i Arna!

**KREDITKASSEN**

Filial Arna – tlf. 55 24 55 30

**I MIN FORRETNING**

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Kleveland* A.S  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennor,  
også TV 2.

**Litangen  
Husholdningsservice,  
Garnes  
Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 14.03.** *4.s.i.faste – Joh. 6,1-15*  
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.  
**Trengereid kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Takkoffer.  
**Takvam kl. 15.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Strømmestiftelsen.
- 17.03.** **Arna kl. 19.00.** Skriftemålgudsteneste. Trygve Johansen.
- 18.03.** **Ytre Arna kl. 18.30.** Årsfest. Trygve Johansen.
- 21.03.** *Maria budskapsdag – Luk. 1,26-38*  
**Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Besøk fra Bibelskulen på Bildøy. Dåp. Barnerøster synger. Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy. Årsmøte etter gudstenesta. Middag og kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Trygve Johansen. Besøk fra Bibelskulen på Bildøy. Kyrkjekora deltek. Takkoffer til Bibelskulen. Kyrkjekaffi for konfirmantforeldre.
- 28.03.** *Palmesøndag – Joh. 12,1-13*  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Alternativ til Abort.
- 01.04.** *Skjærtorsdag – Joh. 6,52-65*  
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
**Takvam kl. 16.00.** Trygve Johansen. Takkoffer til MF.
- 02.04.** *Langfredag – Luk. 22,39-23,46*  
**Arna kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste.** Kjell Nese.  
**Ytre Arna kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste.** Trygve Johansen.
- 03.04.** *Påskennattsgudsteneste – Mark. 16,1-8*  
**Arna kl. 23.00.** Arve Brunvoll og Kjell Nese.
- 04.04.** *Påskedag – Matt. 28,1-8*  
**Arna kl. 11.00. HØGTIDSGUDSTENESTE.** Trygve Johansen. Arna kyrkjekor. Nattverd. Takkoffer til Norsk Kirke i Utlandet.  
**Ytre Arna kl. 11.00. HØGTIDSGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.  
**Redningshutta på Gullfjellet kl. 13.00.** Påskeandakt v/Jens Hauge.
- 05.04.** *2. Påskedag – Luk. 24,13-35*  
**Trengereid kl. 11.00.** Trygve Johansen.  
**Betania kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd.
- 11.04.** *1.s.e.påske – Joh. 20,19-31*  
**Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Dåp. Samtale med ei gruppe konfirmantar. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00. UNG MESSE.** Samtalegudsteneste. Trygve Johansen. Takkoffer til Norges KFUK-KFUM.
- 18.04.** *2.s.e.påske – Joh. 10,11-16*  
**Arna kl. 11.00. UNG MESSE.** Kjell Nese. Samtale m/ei gruppe konfirmantar. Keryx synger. Nattverd. Takkoffer til «Keryx». Kyrkjekaffi i Ådnatun. Foredrag og omvisning. Utstilling av gamle kristne bøker.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Rune Kysnes. Nattverd. Takkoffer til Kristeleg Kringk.lag.
- 20.04.** **Ytre Arna kl. 19.00. SALMEKVELD.** Salmar gjennom 100 år v/Arve Brunvoll.
- 21.04.** **Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste. Kjell Nese og Erik Rodal.
- 22.04.** **Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste. Kjell Nese og Erik Rodal. Keryx.
- 25.04.** *3.s.e.påske – Joh. 16,16-22*  
**Arna kl. 11.00.** Prostiprest Idar Simonsen. Dåp. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.  
**Ytre Arna kl. 11.00. KONFIRMASJON.** Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Takvam kl. 10.00. KONFIRMASJON.** Kjell Nese og Erik Rodal. Takkoffer til arbeidet i kapellet.  
**Trengereid kl. 12.15. KONFIRMASJON.** Kjell Nese og Erik Rodal.